



DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

FELLESRÅDSSAKER

Medlemmer: Tone Sævi, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Stine Waage, Monica Thomassen Waage, Hilde Koppen, Stein Hugo Fykse og Jostein Hauge.

Varamedlemmer: Frøydis Rognsvåg Hansen.

Ikkje møtt: Odd-Arild Torstensen og Martin Karlsen.

Kommunal representant: Gidske Borge Kolltveit.

Frå kyrkjekontoret: *Evvy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 01/26 – 05/26

F 01/26	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG TILBAKEBLIKK PÅ REFERATET FRÅ 28.10.25
Vedlegg	Møteboka frå 28.10.25 Innkallinga til møtet 13.01.26
Vedtak:	Innkalling vart godkjent. Møtebok hadde nokre spørsmål ang. oppfølging. Gidske vart ikkje innkalla til samarbeidsmøte med kommune.

F 02/26	ORIENTERINGAR
	Dugnad i kyrkja: Seising / støvbinding av murvegg tårn og vegg ved trapp til tårn. Beise vindauge i våpenhus innvending – <i>Oddvard kan gjere det samt beise ein dørstokk.</i> Lage tettare spilar i trappa til tårnet og i tårnet. Invitere til dugnad til seising og snikring når det er litt varme ute. Varmepumper: Kommunen har gitt garanti for lån og me ventar på godkjenning frå bispedømet. Det blir søkt om lån frå Kommunalbanken og KLP når godkjenning er i orden. KG elektro er kontakta.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

F 03/26	VERNEPLAN
	<u>Bakgrunn:</u> Verneplanen for Fedje sokn er nesten ferdig. Det er enno nokre endringar og tillegg som skal på plass. Det som ikkje er avklart er kven som har ansvar for stell av graver som er verna. I utgangspunkt er det feil å verne ei grav og kreve at dei pårørande skal ha utgifter med grava. Det er gravminna som er freda og det betyr ikkje at det må vere blommar ved grava året rundt. Soknet kan vedta at det skal leggst ned ein krans ved jul og elles vert det ikkje planta ved grava. Pårørande eller andre kan sjølv sagt plante om dei ønsker. <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokn vil ha ansvar for å legge ned krans til jul på verna graver. Pårørande kan plante ved grava om ønskeleg, elles vert det ikkje blomsterbed rundt gravminna.</i>
Vedtak:	Fedje sokn har ingen beplantning eller krans på verna graver. Soknet avviklar bed for dei som ikkje ønskjer å plante sjølv. Soknet har ansvar for gravminnet. Pårørande som ønskjer å avslutte planting må gje beskjed til soknet slik at me får avvikla bedet.

F 04/26	BUDSJETT 2026
	<u>Bakgrunn:</u> Fedje kommune har redusert overføringa frå kr. 1.040.000,- i 2025 til kr. 940.000,- i 2026. Det blir derfor strammare rammer for økonomien til soknet. Me har auka inntekter frå festeavgifter og høve til å bruke KLP fond for å dekke inn trekket. Det er likevel utfordrande sidan trekket blir meir enn kr. 100.000,- sidan det ikkje er kompensert for lønns- og prisvekst. Skal me dekke utgifter til lån for varmepumper må me bruke av inntekter frå Kyrkjeringen sine tidlegare og komande basarar. Soknet bør indeksregulere festeavgiftene for 2026. <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Budsjett for 2026 vert vedtatt og lån skal betenast med tidlegare og komande basarinntekter frå Kyrkjeringen. Festeavgiftene vert indeksregulert.</i>
Vedtak:	Budsjett for 2026 vert vedtatt og lån skal betenast med tidlegare og komande basarinntekter frå Kyrkjeringen. Festeavgiftene vert indeksregulert.

F 05/26	EVENTUELT
	Evy lurar på om møtegodtgjersle i kommunen blir redusert. Det er det ikkje gjort.



DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

SOKNERÅDSSAKER

Medlemmer: Tone Sævi, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Stine Waage, Monica Thomassen Waage, Hilde Koppen, Stein Hugo Fykse og Jostein Hauge.

Varamedlemmer: Frøydis Rognsvåg Hansen.

Ikkje møtt: Odd-Arild Torstensen og Martin Karlsen.

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 01/26 – S 04/26

S 01/26	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG TILBAKEBLIKK PÅ REFERATET FRÅ 28.10.25
Vedlegg:	Møteboka frå 28.10.25 Innkallinga til møtet 13.01.26
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 02/26	ORIENTERINGAR
	Kåre Berge er kontakta om Feiekostane har høve til å lage nokre grupper som kan stille som forsongarar på gudstenester. Dei vil kunne sitje i benken og får tilsendt salmane på førehand. Orientering og avklaring om halvt årlege arrangement i kyrkja. Ønskekonserter i januar og skal Ivar Mæland kome i april/mai? Er gospel explosion booka for hausten? <i>Jostein kallar inn til teamsmøte med Stein Hugo, Lyder, Evy og Monica for å diskutere planen og framdriften.</i> Orientering frå sokneprest om bruk av skjerm og folder i kyrkja. Det må samsvare meir med annonsering i Kvardag og Helg og kunngjeringar i kyrkja.

S 03/26	REVIDERT GUDSTENESTEFORORDNING FEDJE SOKN 2026
	Kvart sokn skal ha ei godkjend gudstenesteforordning. Det er biskopen som vedtek denne. Gudstenesteforordninga skal reflektere dagens praksis for antal gudstenester på søn- og heilagdag. I tillegg



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	kjem faste tradisjonar med konfirmasjonsgudstenester på laurdagar og gudstenester på høgtidsdagane 17. mai, julaftan og evt. nyårsaftan og nyårsdag. Om det er 2 gudstenester i same kyrkje/sokn same dagen jfr. julaftan, konfirmasjon, blir dette talet likevel 1 i forordninga. Gudstenesteforordninga skal, som nemnt, avspegle dagens praksis. I dialog med kyrkjevevje og arbeidsutval er vi komne til at talet på forordna gudstenester i Fedje sokn blir sett til 20 pr. år. Gjer merksam på at dette talet, ifølgje prosten, skal evaluerast ved årsslutt 2026, og dermed kan bli justert. <u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokn skal ha 20 gudstenester på søn- og heilagdagane i løpet av eit år. Dette gjenspeilar praksis dei siste åra.</i>
Vedtak:	Fedje sokn skal ha 20 gudstenester på søn- og heilagdagane i løpet av eit år. Dette gjenspeilar praksis dei siste åra.

S 04/26	EVALUERING OG VAL AV KOMITE TIL JULEFEST
	<u>Bakgrunn:</u> Det var felles julefest med kyrkja og bedehuset søndag 04. januar 2026. Dette året var det gudsteneste først med julepregang før festen fortsette i Fiskarheimen. Soknerådet ynskjer ei evaluering som kan delast med bedehuset, samt velgje ein komite for dei neste to åra. Kjekt at det var gudsteneste først. Slapp å rigge til meir på bedehuset. Julepregangen vart i kyrkja, og det gjekk fint. Middag og kaffi vart på bedehuset saman med underhalding. Det var ein fin fest, men det var plass til fleire. Heldigvis var det mange i soknerådet som bidrog. Økonomisk gjekk det akkurat i balanse. Det var 46 betalande gjestar i bedehuset. Det var få på gudsteneste i forhold til kor mange som kom i bedehuset. Det betyr uansett mykje at det vert arrangert slike julefestar, og det gjer arbeidet verdt det. Hilde Koppen og Tone Sævi spør om å få vere med på styremøtet til bedehuset for å evaluere saman med dei. Anna Marit gjorde ein kjempegod jobb! Ny gruppe for neste år: Tone Sævi, Hilde Koppen, Jostein Hauge.